



BIR RESSURS AS AVD MJELSTAD
Postboks 6004
5892 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Nina Vadøy, 5557 2316

Avsluttar tilsyn ved BIR Ressurs AS avd. Mjelstad sitt avfallsdeponi

Vi viser til brev 31. januar 2023 med tilbakemelding om retting av avvik.

Tilbakemelding frå verksemda

BIR Ressurs AS avd. Mjelstad har sendt inn dokumentasjon på korleis avvika er følgt opp. Nedanfor er tilbakemeldinga frå verksemda kort oppsummert.

Avvik 1 – slam frå eige reinseanlegg

Verksemda har opplyst at det er utfordrande å ta analyse av slam frå eige reinseanlegg fordi avfallet er flytande. Verksemda har lagt ein plan for korleis dei vil gå fram for å ta nye prøvar som skal leverast til analyse og sendt inn ein rutine for prøvetaking og for verifikasjon av slammet. Vi tar dette til orientering.

Avvik 1 - botnaske

Verksemda har sendt inn rutine for prøvetaking av botnaske frå forbrenningsanlegget som også omtaler korleis avfallet skal verifiserast, og med ein tilhøyrande mal for verifikasjon. Vi tar dette til orientering.

Avvik 2 - vassbalanserekneskap

Verksemda har sendt inn oppdatert vassbalanserekneskap. Vi tar dette til orientering.

Avvik 2 – reinsing av sigevatn

Verksemda har opplyst at det er sett i gang eit program som gjennom ein intensiv måleserie skal gje betre kunnskap om avrenninga av sigevatn. Det står opplyst at måleserien vil bestå i både logging og analyse av vatn, at måleserien skal vare i om lag to månader og at det vatnet skal analyserast under ulike avrenningsforhold. Vidare står det at feltarbeid vil vere avslutta innan 15. april i år. Vi føreset at det blir gjort nødvendig oppfølging med tiltak etter at undersøkinga er gjennomført. Vi vil følge dette opp ved neste tilsyn.



Avvik 2 – sigevatn i overløp

Verksemda har søkt om midlertidig endring av punkt 5.3 i løyvet, slik at vilkåret omfattar overløp. Anslått mengde overløp heng saman med vassbalansen og optimalisering av reinseanlegget. Søknaden er mangelfull og vi vil trenge opplysningar frå den pågåande optimaliseringa av reinseanlegget. Vi legg til grunn at det blir sendt oppdatert søknad om endring av punkt 5.3 i løyvet når reinseanlegget er optimalisert.

Avvik 3 – avslutnings- og etterdriftsplan

Verksemda har opplyst at det i løpet av første halvår 2023 vil bli sendt søknad til Statsforvaltaren om utviding av deponiet og at avslutnings- og etterdriftsplan vil vere inkludert i denne. Vidare har verksemda opplyst at dersom søknad om utvida deponi ikkje blir godkjent, vil avslutnings- og etterdriftsplan for dagens deponicelle bli sendt til Statsforvaltaren i Vestland innan 1. januar 2024.

Under tilsynet vart det opplyst at delar av deponiet er avslutta og tatt i bruk til andre føremål. Mellom anna er det bygd hall for metallsortering oppå nedlagt del av deponiet. Vi vil påpeike at desse områda er avslutta og at det skulle vore ein plan for endeleg avslutning- og etterdrift for desse områda, og at Statsforvaltaren skulle ha godkjent planen for avslutning- og etterdrift, før området vart tatt i bruk til andre føremål.

Vi legg derfor til grunn at det blir arbeidd med ein avslutning- og etterdriftsplan for både utvida deponi og for delane av deponiet som er avslutta og tatt i bruk til andre føremål. Vi legg også til grunn at denne blir sendt oss i løpet av første halvår 2023 og eventuelt seinast innan 1. januar 2024 som opplyst. Oppfølging av plan for avslutning- og etterdrift vil framover bli følgt opp som eiga sak.

Avvik 3 – handtering av deponigass ved avslutning

Vi legg til grunn at deponiet blir avslutta med massar som fremmer oksidering av metangass slik det er omtalt i rapport om måling av diffus gass på Mjelstad avfallsdeponi mai 2022, og at dette vil gå fram av den kommande avslutnings- og etterdriftsplanen. Oppfølging av denne planen vil som nemnt over bli følgt opp som eiga sak.

Statsforvaltaren sin konklusjon

Vi tek tilbakemeldinga frå BIR Ressurs AS avd. Mjelstad til orientering.

Statsforvaltaren avsluttar tilsynet og vil følgje opp gjeldande miljøkrav ved seinare tilsyn.

Finansiell sikring

Finansiell sikring blir følgt opp som eiga sak.

Søknad om utvida løyve

BIR Ressurs AS avd. Mjelstad har opplyst at det vil bli sendt inn søknad om utvida løyve for deponidrift når reguleringsplanen er klar.

Vurdering av BAT for forbrenningsanlegg

Vi minner om at det også må sendast inn vurdering av BAT for forbrenningsanlegg for metallsorteringsanlegget og at dette heng saman med avslutnings- og etterdriftsplan. Vi føreset at vurderinga blir sendt til oss innan 1. januar 2024.



Med helsing

Kristin Espeset
senioringeniør

Nina Vadøy
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
OSTERØY KOMMUNE

Postboks 1

5293

LONEVÅG